



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Utvalet for oppvekst og omsorg

**Møtedato:** 02.09.2014

**Møtetid:** 15:00 - 18.00

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert 0 varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Planleggar R.Lønningdal

<b>Møteleiar:</b>	Eva Hellevang (H)
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge ass.rådmann

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	Heidi Totland (Ap) stilte spørsmål om leksehjelp på ungdomsskulen. Spørsmålet vert utgreidd i samband med budsjett og økonomiplan.
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 10.09.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/14	14/665	Faste saker	
009/14	13/77	Levekår i kommuneplanens arealdel	

**SAKNR. 008/14**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**02.09.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke. Utvalet sitt kvarter; Heidi Totland (Ap) stilte spørsmål om leksehjelp på ungdomsskulen. Spørsmålet vert utgreidd i samband med budsjett og økonomiplan.

**OO-008/14 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 009/14**

**LEVEKÅR I KOMMUNEPLANENS AREALDEL**

**02.09.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Utvalet hadde ein gjennomgang på temaet Levekår og drøfta ulike innspel.

**OO-009/14 VEDTAK:**

Oppvekst og omsorg kom fram til følgjande konklusjonar under drøftinga av temaet Levekår i arealplanen.

Følgjande område skal konsekvensutgreiast som mogleg areal for fleirbrukshall:

- Ved Samnanger barneskule, Lauvskarmyra og Hagabotnane.

Følgjande område skal konsekvensutgreiast som mogleg areal for motocrossbane:

- Grustak i Rolvsvågen og Hagabotane.

Følgjande område skal vurderast som mogleg leikeplass i Haga-området:

- Nedom kyrkja og i tilknytning til nytt uteområde på Samnangerheimen.

Kommunen skal prioritera å særskilt rusta opp og vedlikehalda følgjande turstiar:

- Flesjane, Smådalen og Raudvatnet.
- I arealplanen må det sjåast på moglege parkeringsareal til populære turløyper.

Følgjande område skal konsekvensutgreiast som mogleg areal for senter for funksjonshemma:

- Skottabakken og Erikajordet.

Nye bustadområde bør liggja i tilknytning til eksisterande veg, vatn og avløp. Fortetting må akseptierast. Bustadområde jfr utsendt kart vart vurdert slik;

- Utvalet stiller seg positive til følgjande innspel om nye bustadområde: Nr. 4, 5, 7, 9 og 10.
- Utvalet stiller seg negative til følgjande innspel om nye bustadområde: Nr. 1, 6 og 8.
- Utvalet konkluderte ikkje om følgjande område: Nr. 2 og 3.

Administrasjonen skal setja i gong eit arbeid for å få opna private ”bomvegar” for ålmenn motorferdsle.